

Dato 22.2.2014	Elevkode 1614	Kjønn: jente ☒ gut ☐	Det første språket du lærte: norsk ☒ anna ☐	Oppg. 3. reflektere
-------------------	------------------	--	---	------------------------

Ein bra barndom.

Korleis burde ein bra barndom vere?

Det bør vere fred der du bur, så
du kan gå ut å leike, utan å vere redd.

Du burde få ha det artig.

Alle burde få vakse opp med minst
ein vaksen som passar på ein. Det
treng ikkje vere dine biologiske
foreldre, for det er ikkje alltid det som
er best. Den vaksene burde ha tid til deg.

Dei rike har det ikkje alltid best.

Dei som har dei nyaste merkeklede er
ikkje alltid kulast. Dei med det finaste
utsende er ikkje bedre. Kva slags TV
du har, bestemmer ikkje kor populær du er.

Fordi det er du som er viktig, ikkje
det du har eller korleis du ser ut.
For å ha ein bra barndom, treng du
ikkje bu i eit palass, eller ha mykje pengar.
Det viktigaste er å ha råd til mat, klede
og eit hus å bo i. I huset burde det vere
reint vatten så ein ikkje blir sjuk. Og
vis ein blir sjuk, må du få hjelp.
Skule er viktig. Der kan du få venner,
og lære deg nye ting. Når du blir eldre
kan du få eigen jobb og tjene dine eigene
pengar.
Ver den beste versjonen av deg sjølv,
ver med dei folk som gjer deg glad, og
leik med det du har. Vis du har dette
vil eg si at du har ein bra barndom.
Men andre folk har andre meiningar, og det er
lov. Tro på deg sjølv så gjer det mest bra.